



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 21.09.2017  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09.00 - 12.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigmund Vikane	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	

<b>Frå administrasjonen:</b>	<b>Funksjon:</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	Fung. rådmann
Ove Sæbø	Kultur- og utviklingssjef	Administrasjon	

## Sakliste

Saknr	Tittel
041/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
042/2017	Godkjenning av møtebok
043/2017	Referatsaker
044/2017	Orienteringssaker
045/2017	Revidering av strategisk næringsplan og vedtekter for næringsfondet.
046/2017	Sandindustrien i Modalen - i hefteformat.
047/2017	Tilskot til profileringsfilmer - friluftsturar i Modalen.
048/2017	TV-aksjonen NRK Unicef 2017

**Notat frå møtet:**

041/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

042/2017: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

043/2017: Referatsaker

Behandling:

Rådmannen orienterte om brev frå IMDI om busetjing av flyktningar, og vil førebu sak til Kommunestyret i desember der ein skal ta stilling til om kommunen skal busetje i 2018. Ordførar orienterte om endringar i ekteskapslova som pålegg kommunane å ta over byfogden sin vigslerett frå 01.01.2018. Ordførar og varaordførar er dei som etter lova får denne retten. Ordførar orienterte om NVE sitt vedtak om løyve til småkraftverk i Modalen. Rådmannen orienterte om brev frå Forsvarsdepartementet om avvikling av heimevernsnemder i kommunane.

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

---

## 044/2017: Orienteringssaker

### Behandling:

Liv Anne Aanensen orienterte om konkursen til Reno Norden, og konsekvensane dette vil få for bosshentinga i vårt distrikt. Aanensen er leiar i representantskapet i NGIR. Ho opplyste at bubestyrar kjem til å drifte avtalen om bosshenting inntil vidare. På litt lengre sikt må det avklarast om ein skal ut på nytt anbod eller vurdere bosshenting i eigen regi. Styre og leiing i NGIR rår til at ein går ut med nytt anbod. Noverande selskapsavtale har lagt denne avgjerda til styret. Dersom ein skal endre på dette, må vedtektene endrast.

### Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

## 045/2017: Revidering av strategisk næringsplan og vedtekter for næringsfondet.

### Behandling:

Kultur- og utviklingssjef Ove Sæbø gjekk gjennom Strategisk næringsplan og vedtekter for næringsfondstyret. Under diskusjonen om tiltaksplanen kom det opp forslag om tiltak i båthamna, slik som diesel og straum. Kristin Nåmdal kom med framlegg om å endre ordlyden i punktet som omhandla båthamna frå "auke talet plassar i båthamna" til "utvikle båthamna". Sigmund Vikane meinte at det i § 6 burde kome klarare fram kven som har avgjerdskompetanse. Tom Kristian Thorsen kom med framlegg om å erstatte fyrste setning i denne paragrafen med: "I saker som gjeld stønad til næringslivet er det formannskapet som er næringsfondsstyre. I saker som gjeld kommunale fellestiltak er der kommunestyret som er næringsfondsstyre. Jfr. paragraf 2." Ved avrøysting vart framlegg til vedtak med begge endringsframlegga samrøystes vedteke.

### Vedtak:

Modalen kommune vedtek revidert *Strategisk næringsplan og Vedtekter for næringsfondet* slik dei ligg føre med fyljande endringar:

I Strategisk næringsplan skal setninga "auke talet plassar i båthamna" endrast til "utvikle båthamna".

I Vedtekter for næringsfondet § 6 skal fyrste setning erstattast med: I saker som gjeld stønad til næringslivet er det formannskapet som er næringsfondsstyre.

I saker som gjeld kommunale fellestiltak er der kommunestyret som er næringsfondsstyre, jfr. §2.

---

046/2017: Sandindustrien i Modalen - i hefteformat.

**Behandling:**

Kultur- og utviklingssjef orienterte om prosjektet.  
Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Modalen kommune løyver inntil kr. 50 000,- frå næringsfondet til arbeidet med produsere og gje ut i hefteform historiar om sandnæringa si utvikling i Modalen.

---

047/2017: Tilskot til profileringsfilmar - friluftsturar i Modalen.

**Behandling:**

Kultur- og utviklingssjef viste pilotfilmen, og orienterte om prosjektet.  
Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Modalen kommune løyver kr. 55 000,- i tilskot frå næringsfondet til utvikling av filmar som skal profilere friluftsturar i Modalen.

---

048/2017: TV-aksjonen NRK Unicef 2017

**Behandling:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Modalen kommune gjev gåve på kr.25.000,- til TV-aksjonen NRK Unicef 2017.  
Dekning kto: 1000/1000/1400

---